

MIDTVEGSEVALUERING – NOR4460 våren 2024 – Topografi og trolldom, Ronny Spaans

Det er 5 som har gjort obligatorisk innlevering på dette kurset. Til denne timen (24.4.2024), då vi (litt forseinka) gjorde midvegsevaluering møtte tre personar opp.

a) Kommenter hvordan du vurderer din egen innsats i undervisningen til nå. Begrunn svaret ditt.

Dei fleste seier dei førebur seg bra. «Emnet er så spennende at jeg har lagt inn bra med tid», skriv den eine. Ein annan skriv at ho nok kunne ha lese litt meir, men synest ho klarar fylge med.

b) Er det noe ved undervisningen du opplever som spesielt lærerikt? I så fall hva?

Opplegget er studentane positive til: «ryddig og interessant introduksjon gjennom pp-presentasjoner». Dei synest det òg er nyttig å jobbe individuelt og i grupper – som vi gjer i dette kurset med tre timars økter. Ein student trekkjer særleg fram økta med Francesco Negri – og hans blick på Noreg på 1600-talet. Her ser vi landet «med andre briller».

c) Er det noe ved undervisningen du opplever som vanskelig? I så fall hva?

Generelt synest dei at språkbruken i desse gamle tekstane kan vera vanskeleg. Ved sida av eldre dansk(norsk) språkføring nemner dei fraktur/gotisk skrift. På dette kurset har vi stort sett originale utgåver – lite av det vi arbeider med, er forska på sidan Gustav Storm på 1800-talet (!). Det fortel kor underkommunisert tidlegmoderne litteratur er. Men ein student skriv: «Men ikke for vanskelig, mest gøy!»

d) Er det noen temaer i studielitteraturen du kunne tenke deg å få nærmere belyst i undervisningen?

Her nemner ein student topografisk litteratur og reiseskildring knytt til Oslo. Dette kurset har jo hatt mest vekt på Nord-Noreg (i og med at det er det området topografiske verk sentrerer seg ikring). Ein student synest det er ekstra interessant med timane om det vedunderlege og trolldom.

e) Ja eller nei til museum, etc. på kurset?

Dei seier alle ja til.

Mine kommentarar: Eg er glad dette kurset om noko i grunnen så «rart» som tidlegmoderne topografi har falle i smak. Eg er nesten flau over at studentane ikkje er kritiske! Men eg er sjølv sagt veldig glad for at dei likar dette kurset og at to av dei i tillegg vil skrive om emnet på masternivå. Dette er eit pioner-arbeid som eg håpar kan vera med å byggje opp eit nytt forskingsmiljø på tidlegmoderne litteratur, som i grunnen har så mange fascinerande sider at stoffet i seg sjølv får pedagogisk verknad. Ein bøyg er sjølv sagt det faktum at desse tekstane stort sett berre finst i originalutgåver på tidlegmoderne dansk og i tillegg på fraktur, eller i Gustav Storms utgåver på 1800-

talet, også i fraktur. Vonleg vil det koma moderniserte utgåver i framtida. Og Francesco Negris bok MÅ omsetjast i heilskap til norsk. Men på den andre sida, så har det også sin fordel: studentane gjer originalt forskingsarbeid i dette kurset. Som den eine studenten skriv: Kurset har potensial til å bli utvida i retning av andre topografiske område: T.d. den topografiske historia til Oslo, som fyller 400 år i år.